

---

Saksnr: 2020/36264-12  
Saksbehandlar: Åge Avedal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

## Søknad om driftstilskot, UngVest

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering innvilgar ikkje driftstilskot til UngVest i 2020.

Samandrag

UngVest er paraplyorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar i Vestland. UngVest fekk tidlegare driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune, dei seinaste åra på mellom 500 000 og 696 000 kr, og søkte i 2019 om driftstilskot via budsjettet 2020. Søknaden vart avslått av fylkestinget i samband med budsjettvedtak for 2020.

I januar 2020 sendte UngVest ny søknad om driftstilskot. I mars 2020 vart det sett i gang kontroll av tilskotsmottakar UngVest, og Deloitte la fram notat etter kontrollen i august 2020. UngVest har sendt ny, revidert søknad om driftstilskot på 860 000 kr i november 2020. Fylkesdirektøren ser at UngVest har økonomiske utfordringar knytt til drifta, men vil på bakgrunn av kontrollen utført av Deloitte ikkje tilrå at det blir løyvd driftstilskot til UngVest i 2020.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 UngVest Revidert søknad om driftsmidler 2020
- 2 UngVest Budsjett 2020
- 3 UngVest Årsmelding og rekneskap med revisjonsberetning 2019
- 4 Protokoll ekstraordinært årsmøte 16.04.2020 - signert
- 5 Vedtekter UngVest

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

UngVest er paraply for barne- og ungdomsorganisasjonar på Vestlandet. Organisasjonen vart stifta i 1984 under namnet Hordaland barne- og ungdomsråd, og endra namn til UngVest i 2017. I årsmeldinga for 2019 står det at UngVest ved utgangen av året hadde 41 medlemmer med til saman 60 000 medlemmer. UngVest kravde ikkje medlemskontingent frå medlemsorganisasjonane i 2019, og hadde dermed ingen medlemmer etter eigne vedtekter og krav frå fylkeskommunen dette året. I 2020 har 11 medlemsorganisasjonar betalt medlemskontingent, og kan derfor reknast som fullverdige medlemmer i UngVest.

3. november sendte UngVest inn revidert søknad om driftstilskot frå Vestland fylkeskommune for 2020. Vedlagt søknaden er revidert budsjett for 2020, årsmelding for 2019 og protokoll frå ekstraordinært årsmøte 2020. I søknaden skriv UngVest at organisasjonen «har hatt eit par turbulente år, og året 2020 har stort sett vore brukt på å nøste opp i tidlegare og noværande forpliktingar.» UngVest søkjer om 860 000 kr i tilskot til drift i 2020.

### Ekstraordinært årsmøte

På ekstraordinært årsmøte 16. april 2020 vart det gjort førstegongsvedtak om å legge ned organisasjonen. I følgje vedtektene til UngVest kan vedtak om nedlegging av organisasjonen fattast på to årsmøte etter kvarandre, med minst tre månaders mellomrom. Fylkesdirektøren er ikkje kjent med om UngVest har planlagt nytt årsmøte og eventuell agenda for dette. På det ekstraordinære årsmøtet i april 2020 vart det vedtatt arbeidsprogram for 2020-2021, med fire punkt til oppfølging:

- Redusere eller eliminere faste utgifter
- Førebu nedlegging av organisasjonen
- Følgje opp revisjon av fylkeskommunen og opprydding av året 2019.
- Sjå på moglegheitene for å drive organisasjonen vidare i samarbeid med medlemsorganisasjonane

Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå organisasjonar knytt til UngVest har arbeidd saman med styret og tilsette med punkta i arbeidsprogrammet, m.a. arbeid med budsjett og økonomi.

### Søknad og budsjett

UngVest har lagt budsjett for 2020 ved søknaden. Budsjettet balanserer om organisasjonen får tilskot frå Vestland fylkeskommune på 860 000 kr i 2020. I søknaden skriv UngVest at dei har gjennomført store reduksjonar i kostnadene i 2020, men at koronasituasjonen har gjort det vanskeleg å skaffe ekstra inntekter. Det har ikkje lykkast organisasjonen å få nokon til å overta leigekontrakten for kontorlokala. Leigekontrakt har binding til 31.12.2020.

UngVest har utgifter knytt til personal, kontor og juridisk bistand. UngVest har budsjettert med prosjektmidlar frå Erasmus+/ESC (EU-midlar til utvekslingsprosjekt), samt utgifter knytt til dette. Den største enkeltposten på utgiftssida er personalkostnadar, m.a. uteståande løn til dagleg leiar i 2019 og fram til mars 2020, samt personalkostnader knytt til stillinga som organisasjonssekretær. Det er budsjettert med refusjon frå NAV knytt til 60 % av organisasjonssekretær si stilling. UngVest har frå rekneskapsåret ei uteståande fordring på 350 000 kr, som er tatt inn i budsjettet for 2020.

UngVest skriv i søknaden at organisasjonen er avhengig av tilskot i 2020 for å dekke uteståande utgifter, og at organisasjonen ikkje vil ha utgifter knytt til kontor eller personale etter 31.12.2020. I søknaden skriv UngVest: «Vi håpar at ei løysing på utgiftsproblema ein har her og no kan gjere at årsmøtet for 2020 i året 2021 kan ta eit reelt val mtp. nedlegging av organisasjonen.» UngVest foreslår at delar av summen dei søkjer om i tilskot eventuelt vert løyvd som lån etter avtale med fylkeskommunen.

### Kontroll av tilskotsmottakar

Deloitte fekk i mars 2020 i oppdrag av Vestland fylkeskommune å gjennomføre kontroll av tilskotsmottakar UngVest. Føremålet med kontrollen har vore å undersøke om tilskotsmottakar har ei organisering, drift, samt system og rutinar som sikrar at tilskotsmidlar blir nytta i samsvar med føresetnader og krav som er knytt til tildeling av tilskot. Det er i hovudsak to problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. Har selskapet ei drift som er i samsvar med tilskotsgevar sine føresetnader for tildeling av tilskot?
2. Har organisasjonen ei tilfredsstillande økonomistyring?

Oppdraget er gjennomført av Deloitte i tidsrommet mars til juli 2020. Notatet frå Deloitte vart tatt opp som referatsak i hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 15. oktober. Hovudutval sette også opp saka som politisk sak (PS 142/2020), og gjorde følgjande vedtak:

Notatet oversendast kontrollutvalet for vurdering og eventuell vidare behandling.

Utvalet ber kontrollutvalet vurdere å sjå på tilskotsforvaltninga i sin heilskap med fokus på kontroll og etterprøvarbarheit av midlar som blir løyvd frå fylkeskommunen.

I konklusjonen i notatet skriv Deloitte m.a.: «Det er Deloitte si vurdering at UngVest dei siste åra ikkje har hatt ei drift som sikrar at tilskotsmidlar blir nytta i samsvar med føresetnader og krav som er knytt til tildelinga av tilskot.»

Etter fylkesdirektøren sitt syn kjem det i notatet frå Deloitte fram ein del forhold som kan tyde på at UngVest ikkje har hatt ei god nok styring og kontroll med verksemda. Fylkesdirektøren meiner det som kjem fram i notatet bør leggast vekt på i samband med søknaden om driftstilskot frå UngVest, og tilrår at Vestland fylkeskommune ikkje løyver driftstilskot til UngVest i 2020.

#### **Frivilligstrategi og paraplyar for frivillig sektor**

Hordaland fylkeskommune sendte i 2019 ut ei spørjeundersøking til medlemsorganisasjonane i UngVest der det mellom anna vart spurt om behovet for ein paraplyorganisasjon for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Dei som svarte på undersøkinga var positive til og såg nytten av å ha ein paraplyorganisasjon.

Hausten 2020 starta Vestland fylkeskommune opp arbeidet med å utvikle eit kunnskapsgrunnlag som vil bli nytta i arbeidet med å lage ein frivilligpolitisk strategi for frivillig sektor i Vestland, etter vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering juni 2020. Fylkesdirektøren ser det som naturleg at spørsmålet om nettverk og etablering av paraplyorganisasjonar for frivillig sektor vil vere del av drøftinga i kunnskapsgrunnlaget og frivilligstrategien.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. delegeringsreglementet, pkt. 3.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket vil ikkje innebere økonomiske konsekvensar.

**Klima:** Ikkje relevant for saka.

**Folkehelse:** Ikkje relevant for saka.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har frivilligarbeid for og med barn og unge som viktig satsingsområde.

Konklusjon

UngVest søker om driftstilskot på 860 000 kr i 2020. Det er i budsjettet for 2020 ikkje sett av midlar til tilskot utanom utlyste tilskotsordningar. I mars 2020 vart det sett i gang kontroll av UngVest som mottakar av tilskot. I notatet frå Deloitte, som har gjennomført kontrollen, kjem det fram opplysningar som kan tyde på at UngVest ikkje har hatt ei drift som sikrar at tilskotsmidlar har blitt nytta i samsvar med føresetnader og krav knytt til tilskotstildelinga. Fylkesdirektøren ser at UngVest har økonomiske utfordringar knytt til drifta, men vil tilrår at det ikkje blir løyvd driftstilskot til UngVest i 2020.